



Eg vedgår lett at eg vart både stolt og glad da eg las at Aslak, Bjørn Kåre og Astrid arbeidde med eit «Sjugurd-prosjekt» der dei ville gje ut ein CD og ei notesamling med musikken til bestefar, Sjugurd Garmo.

Astrid Sulheim, Bjørn Kåre Odde og Aslak Brimi er tre av dei fremste folkemusikarane vi har i dag. Dei er godt forankra i den lokale musikktradisjonen. Alle tre er framifrå utøvarar og formidlarar og gjer ein viktig innsats for å vidareføre den lokale musikkarven. Ein kan godt seie at desse tre er spjotspissane av dei yngre utøvarane i Lom Spelmannslag i dag. Dei er også gode førebilete og læremeistrar for yngre musikarar.

Bestefar hadde mange vener i spelmannsmiljøet, og samhøyret med andre spelemenn i Lom Spelmannslag betydde mykje for han. Han likte å lære bort musikken han laga og var glad for musikken hans vart teke godt i mot og brukt.

Mange av leikane hans er tidlegare utgjeve, faktisk også utanlands. Også utøvarar innan andre sjangrar enn folkemusikk har gjeve ut leikar av bestefar. Men, dette er fyrste gongen det blir utgjeve ein eigen cd med musikk berre av han.

Eg veit eg har heile slekta med meg når eg rettar ein stor takk til Astrid, Aslak og Bjørn Kåre for arbeidet dei har lagt ned i dette prosjektet. Dette er med å vidareføre bestefar sin musikk til glede for både nåtid og framtid.

Bestefar sa på ei samling i Lom Spelmannslag at «Hadde det ikkje vore for døkk, kunne eg stappa leikj'in mine ni baklumma». Bestefar sin musikk hamna heldigvis ikkje i baklomma.

Garmo, januar 2016
Svein Garmo



Øving på Brimi, truleg 1955. Bfv.: Sigurd Marstein, Kristen Fyrun, Einar Turtum, Mathias Bakken, Reidar Hagen, Simen Bjørgen (bak) og Amund Bjørgen.
Ffv.: Johannes Langøygard, Hans W. Brimi, Ola Moløkken og Sjugurd Garmo.
(Foto: Ukjent, fra Hans W. Brimi si fotosamling)





LOMTJØNNLIEN

Arr.: Aslak

Lomtjønna er eit lite vatn i Heimfjellet med rikt dyre- og fugleliv. Bak tjønna ligg ei lun fjellbjørkeli, og det er ho som fekk denne springleiken av Sjugurd.

HALTSVINGEN

Arr.: Bjørn Kåre

Denne leiken er noko midt mellom ein springleik og masurka; frå nå av kallar vi det for ein *haltsving*.

KLEPPDALSBEKKEN

Arr.: Bjørn Kåre og Aslak

Nedover Kleppdalen sviv Kleppdalsbekken. I dei tidene Sjugurd og kona Helene var budeier på Uppigard-setra vandra han mykje langsmed denne bekken på leit etter kyra.

BJØYNNSKAREN

Astrid solo

I overgang mellom furu- og bjørkeskog, og det opne vindfulle lendet mot Havyrju og Nordseter-området, ligg ein tydeleg lang fjellrygg. Denne kallast Bjøynnskard-ryggen. I skaret går Kleppdalsvegen gjennom frå Kleppdalen til Nordsetra. Eit anna namn på denne springleiken er "Hellbergjen" etter eit berg rett ovanfor Uppigard-setra der det var steinbrot.

HESTLEITAR'N

Arr.: Bjørn Kåre

Sjugurd var på leiting etter bortkomne hestar i Smådalen da han laga denne vakre lyarslåtten.

SPJOTØYGARDSBAKKJEN

Arr.: Aslak

Denne bakken er starten på Kleppdalsvegen. Her gjekk Sjugurd forbi mang ein gong på tur opp og ned frå fjellet. I dag er det spelmannen Amund Bjørgen som bur ved Spjotøgardsbakkjen.

VETL 'VALSEN OG GEITRYGGEN

Arr.: Bjørn Kåre

"Vetl 'valsen" er mykje brukt i Lom spelmannslag, og det er Knut Kjøk som har lagt på namn. Geitryggen er ein fjellrygg som gamle Kleppdalsvegen går over. Geitryggen var ein vanleg rastepllass på turen opp på fjellet.

SVARTTJØNNBERGJEN

Bjørn Kåre solo

Svarttjønnberget ligg ikkje langt frå Uppigard-setra. Dette er eit område Sjugurd vandra mykje i. Det er vi som har namna denne springleiken.

GAMMEL-KLEPPDØLEN OG ATTERLJOMEN

Arr.: Bjørn Kåre

"Gammel-Kleppdølen" er truleg den fyrste leiken Sjugurd laga. Gammel-Kleppdølen var kanskje Sjugurd sjølv? Denne leiken vert også kalla for "Kleppdalssvingen" etter ein krass og bratt swing etter Kleppdalsvegen. "Atterljomen" er ein liten men innhaldsrik leik som vi trur Sjugurd laga med inspirasjon i ekkoet frå Svarttjønnberget.

I SETERSTUGUN

Arr.: Bjørn Kåre

Sjugurd laga denne valsen ein kveld langt utpå sommaren da det nærma seg buferd ned att frå fjellet. Dette var ikkje noko Sjugurd gledde seg til.

SYNNASNO

Arr.: Bjørn Kåre

Sjugurd sa at han var så lei den sure nordavinden at han ville lage ei *synnasno*.

LILJOMEN

Aslak solo

Vi seier som Knut Kjøk: «*Liljomen* - ljomen frå lia - suset frå naturen sjølv er nedfelt i denne stemningsfulle vesle melodien.»

KVEINNHUSEN

Arr.: Astrid

Rett vest for Uppigard Garmo låg kvernhuset til Garmo-gardane. I fyrste veket hører ein kverna gå.

TORFINNSLÄTTE

Arr.: Aslak

Torfinna er ei elv som går ned frå Tessfjellet. Store deler av året er det berre eit elvefar, men etter kraftig regn startar Torfinna å suse. Dette er ein av fleire hallingar som fekk bekke- og elvenamn av Sjugurd.

HEIMFERD

Arr.: Bjørn Kåre

Denne marsjen har ikkje vore brukt. Vi har berre eitt opptak av Sjugurd der han spelar denne slädden, og dette opptaket er ganske utsynleg. Vi har forma og namna slädden slik vi spelar han her.



Seterstugu på Uppigard Garmo-setra i vinterdrakt. Foto: Asbjørn Myrhaug

Astrid Sulheim (f1977) er busett i Lom og jobbar som fastlege. Ho har hatt Rolv Brimi som læremeister og har studert eit år ved akademiet i Rauland. I tillegg har ho lært av Knut Kjøk, Amund Bjørgen og Bjørn Odde. Ho har vore aktiv i Lom spelmannslag sidan starten av 90-talet og er med i felegruppa "Tufskrokjun". Astrid har vunne A-klassa på Landskappleiken tre gonger.



Bjørn Kåre Odde (f1990) er frilans musikar med utdanning frå Norges Musikkhøgskole i Oslo. I oppveksten hadde han bestefaren Bjørn Odde som læremeister, og seinare Vegar Vårdal og Per Sæmund Bjørkum. Bjørn Kåre har vunne fleire prestisjetunge prisar for sitt felespel kor ein av dei resulterte i ein solistopptreden med Kringkastingsorkestret. Frå 2013 har han vore leiar i Lom spelmannslag og er i tillegg fast medlem i gruppene "Majorstuen" og "Lendmenn".



Aslak Brimi (f1983) har vore aktiv spelmann, meiningsytrar og kappleiksdeltar sidan 2000 og har vunne A-klassa på Landskappleiken tre gonger. Han har gått i lære hjå far sin, Rolv Brimi, og Bjørn Odde, og han har studert eit år ved akademiet i Rauland. Aslak har ei rekke plateinnspelinger bak seg, både som musikar, prosjektleiar og produsent, og han fekk statens kunstnarstipend for 2015 og 2016. Han er leiar for Gudbrandsdølenes spelmannslag i Oslo.



I was both proud and happy when I read that Aslak, Bjørn Kåre, and Astrid were working on a "Sjugurd project" in which they planned to release a CD and a collection of transcriptions of music by my grandfather, Sjugurd Garmo.

Astrid Sulheim, Bjørn Kåre Odde, and Aslak Brimi are three of today's foremost folk musicians. They are deeply rooted in their local folk music tradition. All three are excellent performers, and are making an important contribution to the continuation of the local musical heritage. You could say that the three of them are the spearheads among the younger performers in Lom Spelmannslag (Lom Fiddlers' Association) today. They are also good teachers and role models for younger musicians.

My grandfather had many friends in the fiddlers' milieu, and fellowship with other fiddlers in Lom Spelmannslag meant a lot to him. He liked to teach the music he composed, and was happy that his music was well received and put to use.

Many of his tunes have been released on previous recordings, both in Norway and abroad. Performers of other genres of music have also released recordings of tunes by my grandfather. But this is the first time a special CD exclusively containing his compositions has been released.

I know I have the entire family with me when I give great thanks to Astrid, Aslak, and Bjørn Kåre for the work they have done on this project. Their work is instrumental in imparting my grandfather's music for the pleasure of both present and future listeners.

At a gathering of Lom Spelmannslag, my grandfather said that "if it hadn't been for all of you, I could have stuffed my tunes into my back pocket." Luckily, grandfather's music didn't end up in his back pocket.

Garmo, January 2016
Svein Garmo

LOMTJØNNLIEN

Arr.: Aslak

Lomtjønna is a small lake in the mountain area of Heimfjellet, and is home to many animals and birds. Sjugurd named this *springleik* after a sheltered, birch-covered hillside that lies beyond the lake.

HALTSVINGEN

Arr.: Bjørn Kåre

This tune is something between a *springleik* and a *masurka*; we call it a *haltsving*.

KLEPPDALSBEKKEN

Arr.: Bjørn Kåre og Aslak

The Kleppdal stream winds down Kleppdalen (the Klepp valley). When Sjugurd and his wife, Helene, were tending dairy cows at the Uppigard summer farm, he often roamed along this stream in search of the cows.

BJØYNNSKAREN

Astrid solo

In the area where a pine and birch forest transitions into the open, windy terrain near Havyrju and the Nordseter area, lies a long, distinct mountain ridge. This is called the Bjøynnskard ridge. The Kleppdal road passes through the gorge from Kleppdalen to Nordsetra.

HESTLEITAR'N

Arr.: Bjørn Kåre

Sjugurd was searching for stray horses in Smådalen when he composed this beautiful listening tune.

SPJOTØYGARDSBAKKJEN

Arr.: Aslak

This slope lies at the beginning of the Kleppdal road. Sjugurd walked past here many times on his way up and down the mountain. Today, fiddler Amund Bjørgen lives near Spjotøygardsbakken.

VETL' VALSEN OG GEITRYGGEN

Arr.: Bjørn Kåre

"Vetl' valsen" is played a great deal by Lom spelmannglag, and Knut Kjøk named the tune. Geitryggen is a mountain ridge that the old Kleppdal road passes over. Geitryggen was a common place to picnic on the way up to the mountains.

SVARTTJØNNBERGJEN

Bjørn Kåre solo

Svarttjønnberget lies close to the Uppigard summer farm. Sjugurd wandered a great deal in this area. We named this *springleik* "Svarttjønnbergjen".

GAMMEL-KLEPPDØLEN OG ATTERLJOMEN

Arr.: Bjørn Kåre

"Gammel-Kleppdølen" is probably the first tune Sjugurd composed. Perhaps "Gammel-Kleppdølen" was a nickname for Sjugurd himself? This tune is also called "Kleppdalssvingen", which refers to a rough, sudden curve on the Kleppdal road. "Atterljomen" is a short, but rich tune Sjugurd composed, inspired by the echoes from Svartjønnberget.

I SETERSTUGUN

Arr.: Bjørn Kåre

Sjugurd composed this waltz one evening in the late summer when it was almost time to bring the cows down from the mountain pasture. This was not something Sjugurd looked forward to.

SYNNASNO

Arr.: Bjørn Kåre

Sjugurd said that he was so tired of the bitter north wind that he wanted to make a *synnasno* (south wind).

LILJOMEN

Aslak solo

We quote Knut Kjøk: «*Liljomen* - the echo from the mountainside - the voice of nature itself, is embodied in this lyrical little melody.»

KVEINNHUSEN

Arr.: Astrid

The mill house (*kveinnhus*) for the Garmo farms lies directly west of Uppigard Garmo. You can hear the mill turning in the first section of the tune.

TORFINNSLÄTTEN


Arr.: Aslak

Torfinna is a river that runs down from the Tess mountain. It is just a riverbed for most of the year, but Torfinna starts rushing after heavy rain. This is one of several *halling* tunes which Sjugurd gave stream and river names to.

HEIMFERD

Arr.: Bjørn Kåre

This march has not been played previously. We only have one recording of Sjugurd playing this tune, and the recording is quite muffled. We gave this name to the tune, and have formed it in the way we play it here.



Sjugurd Garmo (1896–1991) was a farmer and fiddler from Garmo in Lom. When his oldest son inherited the farm, he became even more active as a fiddler and composer. Then he spent a lot of time in the mountains, and composed many tunes inspired by the Heimfjellet region. All of the music on this album was composed by Sjugurd Garmo.

Sjugurd Garmo (1896-1991) var gardbrukar og spelmann frå Garmo i Lom. Han var særleg aktiv spelmann og komponist etter at han ga frå seg garden. Da var han mykje i fjellet og laga mange slåttar med inspirasjon frå Heimfjellet. All musikken på denne plata er komponert av Sjugurd Garmo.

Meir innhaldsrike slåtteomtaler, noter og biografi om Sjugurd Garmo finn de i notesamlinga *Atterlomen - slåttar av Sjugurd Garmo* av Bjørn Kåre Odde og Aslak Brimi. For bestilling av denne sender du e-post til enten aslakbrimi@gmail.com eller bjorn.k.odde@gmail.com.

Denne produksjonen er gjeve ut med økonomisk stønad frå Norsk kulturråd, Sparebank 1 Lom og Skjåk, Lom kommune, Lom spel- og dansarlag, Gudbrandsdal folkemusikklag og Fossheim hotell.

Takk til alle som har gjeve oss økonomisk stønad til å gjennomføre dette prosjektet. Takk til Hilda Brekka for at vi får bruke denne fantastiske musikken. Takk til Fridtjof for godt samarbeid og fantastisk lyd, Live for flott grafisk snitt, til Asbjørn for bruk av bilde, Ingrid og Fossheim for godt stell, og til Stein Arne for god tilrettelegging i studio. Vi ynskjer å takke Amund Bjørgen, Rolv Brimi og Bjørn Odde for interessante samtaler om Sjugurd og musikken hans.

Innspelt i Skjåk musikk- og lydstudio i januar 2016.

Teknikar/medprodusent/mix/mastring: Fridtjof A. Lindemann

Foto/grafisk arbeid: Live Andrea Sulheim

Foto på framsida av booklet av Sjugurd Garmo er teke på Uppigard-setra i Kleppdalen, og er henta frå den private fotosamlinga til Hans W. Brimi. Portrett av Sjugurd er skjermdump av NRK-produksjonen *Der folkemusikken lever* frå 1968.

Musikken og bilda av Sjugurd er brukt med løyve frå Hilda Brekka.



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



Rådet for
folkemusikk og folkdans

SpareBank 1
Lom og Skjåk

F
FOSSHEIM
HOTELL

Lom

TA152CD